



Seim Bygg AS
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3516 - 16/4336

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2016

Førebels svar som gjeld søknad om endring av løyve - gbnr 173/95 Rydland.

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad om endring av løyve for gbnr 173/95 den 11.02.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Situasjonsplan som viser avstand til nabogrense, veg, uteopphaldsareal m.m., jf tidlegare godkjend situasjonsplan. Vi gjer merksam på at det kan sjå ut som om avstand til nabogrense er under 4 meter for hushjørnet merka h06.
- Ny plassering av bygget må gå fram av reviderte terrengprofil der eksisterande og nytt terreng, og omsøkt tiltak skal visast, jf. tidlegare innsende terrengprofil.
- Kommunen vurderer at omsøkte endring krev ny nabovarsling.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 01.04.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Christer Vabø

Nesbrekka 15 C 5912

SEIM

Mottakarar:
Seim Bygg AS

5912

SEIM